

## Tiltaksliste til fylket frå LO og NHO

**NHO og LO har på bestilling frå fylkesordførar Jon Askeland levert ei ti-punkts liste over tiltak dei meiner fylket bør setje i verk for å hjelpe næringslivet og sikre arbeid for innbyggjarane i Vestland. Forslaga er retta mot blant andre bygge- og hotellbransjen, lærlingar og bedriftsintern opplæring.**

– Trepårtssamarbeidet med LO og NHO har frå første time i den vanskelege tida vi er i no, fungert utmerka. I tillegg til andre tiltak fylket alt har sett i verk, ønska eg meg òg ei bestillingsliste frå dei retta mot dei fylkeskommunale ansvarsområda. Lista på ti punkt frå LO og NHO stiller eg meg fullt bak for raskast mogleg å setje i verk endå fleire tiltak for nærings- og arbeidslivet som merkar konsekvensane av nedstenginga, seier fylkesordførar Jon Askeland.

### Trepårtssamarbeid

Vestland fylkeskommune tok kontakt med LO og NHO, i tillegg til NAV, med ein gong det vart klart at fylket og landet elles blei stengt ned. I tillegg til å følgje dei helsemessige råda og førebygge smitte, meiner representantane i samarbeidet at det no hastar med å få i gang tiltak som kan avhjelpe situasjonen i nærings- og arbeidslivet. I Vestland er det no rekordhøg arbeidsløyse, og det er viktig at aktivitet som kan sysselsetje fleire kan kome i gang.

– Vi må no saman gjere alt vi kan for å halde oppe aktiviteten i næringslivet, og sikre at det framleis er arbeidsplassar å gå til når krisa er over. Samtidig har vi no ein sjanse til å bruke auka offentlege investeringar på å ruste regionen for grønn omstilling, seier regionleder i LO, Roger Pilskog og regiondirektør i NHO, Grete Karin Berg.

### Tiltaksliste til Vestland fylkeskommune:

1. Framskunde planlagde investeringar og vedlikehald av eigen eigedom, infrastruktur og fylkesveg. Lag oversikt over prosjekt som raskt kan realiserast. Det er viktig at prosjekt som alt er sette i gang, blir slutførte.
2. Bruke offentlege innkjøp som reiskap for å halde oppe sysselsetjinga og aktiviteten i regionen med framleis merksemd på omstilling til det grønne skiftet (energi, klima og miljø).
3. Sikre at fylkeskommunen har tilstrekkeleg kapasitet i eige innkjøpsapparat til snarleg å framskunde og setje i verk planlagde anbod og innkjøp.
4. Invitere næringslivet til samarbeid om å levere tenester og gje innspel til planlagt arbeid i fylkeskommunal regi.
5. Sørgje for at pågåande offentlege anbod og drift må gå som normalt for å halde på arbeidsplassar og tenestetilbodet til innbyggjarane.
6. Utsetje heller enn å avlyse planlagde kurs og konferansar. Leggje haustens planlagde aktivitetar og samlingar på hotell eller konferansesenter for å styrkje hotell- og konferansemarknaden.

7. Leggje til rette for at lærlingar som ikkje kan halde fram i eiga lærebedrift, kan halde fram læretida si i samarbeid med og tett oppfølging frå fylkeskommunen, så langt det er mogleg innanfor flest mogleg fagområde.
8. Fylkeskommunen, saman med yrkesopplæringsnemnda og lokalt næringsliv, må samarbeide om å forhindre opphoping av fag- eller sveineprøvar, og arbeide aktivt med å leggje til rette for fleksible løysingar for avvikling av fag- og sveineprøvar.
9. Gjere kjent aktuelle omskuleringstiltak/bedriftsintern opplæring/etter- og vidareutdanningstilbod i og for næringslivet. På den måten kan vi forskyve planlagde permitteringar i tid.
10. Ta partane i arbeidslivet med på råd om iverksetjing av ytterlegare regionale tiltak og koordinere innsatsen i regionen.

### **For ytterlegare kommentarar og spørsmål**

**Grete Karin Berg**

regiondirektør NHO Vestlandet

[Grete.k.berg@nho.no](mailto:Grete.k.berg@nho.no)

926 04 380

**Roger Pilskog**

regionleiar

[roger.pilskog@lo.no](mailto:roger.pilskog@lo.no)

920 91 281

**Jon Askeland**

fylkesordfører i Vestland

[jon.askeland@vlfk.no](mailto:jon.askeland@vlfk.no)

474 59 720